

**VEDTEKTER FOR
SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)
I HEMSEDAL KOMMUNE**



Gjeldande frå 1.08.2009

Vedteke i Kommunestyret 02.04.2009, saksnr. 15/09

1. Eigar

Hemsedal kommune er eigar og ansvarleg for drifta av skulefritidsordningane (SFO) ved Tuv og Ulsåk oppvekstsentra.

2. Retningslinjer

SFO i Hemsedal vert driven i samsvar med vedtekter godkjende av kommunestyret, etter sentrale pålegg og føresegner og etter dei krav som gjeld for tildeling av statstilskot.

3. Føremål

SFO er eit tilbod til ungar i alderen 6 -10 år. (1-4. klasse) og for barn med særlege behov (1.-7. klasse). Omsorg, leik og sosial læring der ungane tek ansvar for kvarandre og for felles oppgåver, skal vere hovudmålet. SFO skal vere ungane sitt frie rom der dei sjølve skal få høve til å bestemme, der dei kan utfolde seg i fri leik.

4. Administrasjon

SFO er administrativt knytt til sektor for livsløp og politisk underlagt hovudutval for livsløp. Rektor har det overordna administrative, personalmessige og pedagogiske ansvaret for SFO. Administrasjonstida er 8 % av heil stilling.

5. Bemanning.

SFO skal ha dagleg leiar for kvar ordning. Stillinga skal vere minst 50 % og kan utvidast etter behov.

Bemanninga vert planlagt etter følgjande norm:

1 vaksen inntil 10 ungar

2 vaksne inntil 20 ungar

3 vaksne inntil 30 ungar

Samkøyring av bemanning med andre delar av oppvekstsentra bør vurderast.

Ein føresett ein viss fleksibilitet i høve til talet på ungar pr. vaksen.

6. Foreldreråd og styre.

Foreldrerådet er alle foreldra/føresette med barn i SFO. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og SFO.

Foreldrerådet vel ein representant til Samarbeidsutvalet (SU) ved oppvekstsentret.

Samarbeidsutvalet ved oppvekstsentra supplert med dagleg leiar for SFO, er styret for SFO.

7. Inntak av barn.

Målsetjinga må vere at alle barn som ynskjer eit tilbod i SFO, får det.

Rektor syter for at søknadsfristen vert kunngjort og at elektronisk søknadsskjema ligg på Hemsedal kommune si heimeside: www.hemsedal.kommune.no. Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. mars.

Søkjarar til hovudopptaket, som set opp annan dato enn 15. august, betaler frå oppstart av SFO-året. Hovudinntaket av barn *som* skjer om våren og gjeld for eit skuleår om gongen. Inntak i løpet av skuleåret kan skje i den grad det er ledige plassar.

Inntaket av barn til SFO skal ikkje overstige 30 barn pr. dag.

Dersom den økonomiske situasjonen tillet det, vil kommunestyret ta inntaksvilkåra opp på nytt.

Dersom det er fleire søkjarar enn skulefritidsordninga har plass til, vert inntaket gjort etter følgjande vilkår:

1. 6-åringar kjem føre eldre barn
2. Barn med særlege vanskar vert teken inn føre andre søkjarar når det ligg ei fagleg vurdering frå sakkunnig til grunn.
3. Barn av einslege føresette i arbeid eller under utdanning og som åleine fører tilsyn med barnet.
4. Barn som har begge føresette i arbeid eller under utdanning.

Rektor og dagleg leiar av SFO avgjer inntak.

Rektor får samla oversyn over årets inntak.

Hovudutval for livsløp er klageinstans.

Dersom det er plass, kan SFO ta imot barn for einskilde dagar/kortare periodar.

8. Oppseiing av plass.

Oppseiing av plass i SFO skal gjelde frå 1. eller 15. i månaden. Oppseiingsfristen er 1 måned. Oppseiinga skal vere skriftleg og sendast Tenestetorget.

Oppseiing kan ikkje skje etter 15. mai, og i tilfelle dette skjer, vil foreldrebetalinga likevel halde fram med fast månadleg beløp ut SFO-året.

Kultur- og oppvekstsjef kan òg seie opp plassar med same frist dersom betalingsfristen vert overskriden med meir enn 2 månader.

9. Betaling.

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga for SFO ved budsjetthandsaminga kvart år.

Rekninga vert sendt ut forskotsvis kvar måned.

Det er foreldrebetaling for plass 10 månader i året.

Dersom meir enn 2 månader av foreldrebetalinga utestår vert varsel om oppseiing av plassen sendt frå økonomiavdelinga i kommunen. Brukarar som mistar plassen grunna manglande betaling kan tidlegast få attende plass ved neste ordinære opptak.

Gebyr ved sein henting er 150.-

10. Måltid.

I SFO vert det til vanleg ikkje servert måltid. Barna må da sjølve ha med nistepakke.

11. Opningstider.

SFO følgjer skuleåret og startar 15/8. (6-åringane som skal begynne i 1. klasse må evt. gå i barnehagen til SFO opnar 15/8)

SFO er open dei dagane som går inn i skuleruta. I haustferien, vinterferien, før og etter

skulestart (haust/vår) og på ulike fridagar er SFO open etter behov med bindande påmelding og eigen betaling. Det må vere minimum 5 påmelde barn for at SFO heldt open. SFO er stengt i juli, jule- og påskeferie, samt inntil 5 planleggingsdagar som vert brukt til kompetanseheving hjå personalet. Desse dagane er til vanleg dei same som skulen sine. SFO skal vere open frå kl. 07.30 til 16.30 kvar dag (måndag til fredag)

Tilbodet gjennom året er:

Alt.1: Frå kl. 7.30 - 8.30 og 14.30 - 16.30 1, 2, 3 eller 4 dagar i veka

Alt.2: Heile den skulefrie dagen

Alt 3: Kombinasjon mellom alt. 1 og 2.

Dagane skal vere faste.

12. Leike- og opphaldsareal.

Innandørs har SFO sin base på skulen der dei har tilgang til gymnastikksal og formingsrom. Utandørs nyttar SFO dei felles uteareala som ligg til oppvekstsentra.

13. Skyss.

Skulefritidsordninga er friviljug, og foreldre/føresette må sjølv syte for å bringe og hente barna når ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast.

14. Endringar i vedtektene.

Endringar av desse vedtektene må vedtakast av kommunestyret.

Kommunestyret behandla saka den 02.04.2009, saksnr. 15/09

Vedtak:

Vedtekter for Skulefritidsordninga i Hemsedal kommune med dei justeringar som ligg føre blir godkjent.

Dei nye vedtektene gjeld frå 1.8.2009.